

NORSAANG
NORVÉGIA az
ARAD- BELVÁROSI
REFORMÁTUS TEMPLOMBAN
 avagy hogyan találkozik az



ÉSZAK- DÉLEL
JUL 1- VASÁRNAP 10 órakor

Plakaten som syner at kyrkjekoret Nordsang frå Noreg kjem til byen Arad i Romania søndag 1. juli og vert med på gudstenesta i Kalvinist sentrum kyrkja.

Kyrkjekoret Nordsang reiser fredag på sin fyrste tur, til Budapst i Ungarn og byen Arad i Romania. Turen går frå Flesland via Helsinki til den ungarske hovudstaden. Kyrkjekoret skal på søndag vera med på gudsteneste i Arad, heimbyen til Eva Megyesi. Med reise går turen over fem dagar. Det er innlagd guida tur i Budapest.

Koret sin musikalske leiar, kantor Eva Megyesi, kjem frå Arad, som no ligg i Romania. Historisk er dette ein grenseby som med vekslande grense mellom Ungarn og Romania har tilhøyrt kvart av dei to landa. I Eva sin oppvekst var byen lenge ungarsk. No ligg byen i Romania.

Eva Megyesi var, før ho kom til Kvinnherad, kantor, rektor og musikk lærar i Arad, tilsaman i 28 år. Kyrkja hennar, der Nordsang skal synga, heiter Calvinist sentrum kyrkja. Det er om lag 20000 kalvinistar i Arad som fordeler seg på fire kyrkjer. I dette omrdåe av Europa finn vi mange reformerte kyrkjefamfunn som adventistar og baptistar, i tillegg til katolikkar og jødar.

På plakaten som heng over alt i byen Arad, står det at Nordsang frå Noreg vert med på gudstenesta søndag 1. juli kl. 10. Eva Megyesi vil ha ein aktiv rolle i gudstenesta og tema vert: Korleis møtest nord og sør. Sidan byen i lang tid var ein del av Ungarn, har mange framleis ungarsk som sitt morsmål.

Tekst/nett: Kristian Bringedal

Foto: Plakaten på ungarsk.